asplan
viak

Kommuneplanen sin arealdel Hjartdal 2024-2033

Konsekvensutgreiing av arealinnspel

Høyringsforslag

Dato: 27.05.2025

asplanviak.no

Versjon: **02**

asplan
viak

Dokumentinformasjon

Oppdragsgjevar: Hjartdal kommune

Tittel på rapport: Kommuneplanen sin arealdel Hjartdal 2024-2033

Oppdragsnamn: Kommuneplanens arealdel

Oppdragsnummer: 642077-01

Utarbeidd av: Hanne Porsholt Jensen og Emma Kuskemoen

Oppdragsleiar: Sissel Mjølsnes

Tilgjenge: Open

Samandrag

Hjartdal kommune skal rullere kommuneplanen sin arealdel. I samband med rulleringa er det utført ein konsekvensutgreiing av innkomne innspel og av det ferdige planforslaget. Asplan Viak har støtta kommunen i dette arbeidet. Dette dokumentet er ein konsekvensutgreiing av Det er gjort ein gjennomgang av 25 innspel til arealendringar kor fleire er nummerert a, b, c også vidare. Konsekvensen innspela har for ulike fagtema har blitt vurdert i tråd med krav i forskrift om konsekvensutgreiingar og kommunen sitt planprogram fastsett 12.06.2024. Det er utført risiko- og sårbarheitsanalyse for arealinnspela etter DSB sin rettleiar for ROS-analyser (2017) og resultantane er teke inn i denne rapporten. ROS-analysen for planforslaget i heilskap ligg samla i eigen rapport, her ligg også nærmare omtale av metode, sjå «*ROS-analyse. Kommuneplanens arealdel for Hjartdal kommune, , Asplan Viak 20.03.2025*».

Ver	Dato	Beskriving	Utarb. av	KS
02	27. mai 2025	Revidert etter 1. gangs handsaming før utlegging og høyring	SM	
01	24. apr. 2025	Nytt dokument	HPJ	EK, RS

Innhald

1. Bakgrunn 3
1.1. Kommuneplanen sin arealdel 3
1.2. Føremål med konsekvensutgreiing og avgrensing av utgreiingskravet 3

2. Metode 4
2.1. Metodikk 4
2.2. Avgrensing av tettstader og bygder 5

3. Vurdering av arealinnspel 6
3.1. Bustader 6
3.2. Fritids- og turistføremål 22
3.3. Fritidsbusetnad 25
3.4. Samferdsel 50
3.5. Idrettsanlegg og turveg 53
3.6. LNF spreidd bustad 71
3.7. LNF Spreidd fritidsbusetnad 78
3.8. Råstoffutvinning 90
3.9. Næring 102
3.10. Kombinerte føremål 105

4. Handsaming av innspel i planforslaget 108
4.1. Oversikt over innspel som er inkludert i planforslaget 108
4.2. Oversikt over innspel som ikkje er inkludert i planforslaget 120

Vedlegg I – Kunnskap og kriteria for konsekvensutgreiing 127

1. Bakgrunn

1.1. Kommuneplanen sin arealdel

Kommuneplanens arealdel er kommunens overordna styringsverktøy for arealbruk og følgjer opp visjon og satsingar i kommuneplanen sin samfunnsdel. Arealdelen består av rettsleg bandande plankart, føresegner og retningslinjer og legg føringar for bruk og vern og utforming av areal og omgjevnader i kommunen.

1.2. Føremål med konsekvensutgreiing og avgrensing av utgreiingskravet

Plan- og bygningslova § 4-2 og forskrift om konsekvensutreiing krev at kommuneplanen sin arealdel skal ha ein skildring av verknadene til planen når det gjeld miljø og samfunn, ein konsekvensutreiing. Konsekvensutreiinga er ein integrert del av planarbeidet og er ein viktig del av grunnlaget for utforming og vedtak av den endelege planen.

Dette dokumentet inneheld ein konsekvensutgreiing av arealinnspel, innspel om endra arealbruk, som har kome i samband med rullering av kommuneplans arealdel. Dette dokumentet og den samla konsekvensutgreiinga (eige dokument) er vedlegg til planomtalen til kommuneplanen sin arealdel.

Arealinnspel har kome inn i perioden 2021-2024, kor fleste parten av innspela er datert april-juni 2024. Hjartdal kommune fekk inn totalt 52 arealinnspel, der fleire av innspela gjeld fleire område og er nummerert a, b, c også vidare. Kommunen har utført ein grovsiling med politisk handsaming av innspela basert på kriteria frå planprogrammet og arealstrategiane. Einskilde innspel krev ikkje endringar i plan og er difor ikkje konsekvensutgreia. Det er totalt 25 arealinnspel som er konsekvensvurdert, kor fleire er nummerert med a, b, c også vidare. Arealinnspel 17 og 1 inngår ikkje i denne utgreiinga fordi det er knytt eiga konsekvensutgreiing til ein pågåande reguleringsplanprosess for desse områda.

2. Metode

2.1. Metodikk

Metodikken tek utgangspunkt i rettleiaren T-1493 *Konsekvensutredning av kommuneplanens arealdel*. Konsekvensutgreiinga er i hovudsak gjord med utgangspunkt i eksisterande informasjon, med unntak av tema naturmangfald. I samband med kommuneplanprosessen er enkelte av innspelsområda NiN-kartlagt (Natur i Norge), og for desse områda er det dermed innhenta ny kunnskap. Det har vore fokus på NiN-kartlegging, og det er gjord ein overflatisk registrering av raudlisteartar. Artsførekomsten bør kartleggast nærmare på reguleringsplannivå. Utgreiingsstema som er vurdert, kunnskapsgrunnlaget og kriteria for vurderingane av konsekvens går fram av vedlegg I.

For kvart arealinnspel er det gjort ein vurdering etter «trafikklysmodellen» av om innspelet bygger opp under eller er i konflikt med nokon av kommunen sine satsingsområde og føringar for planarbeidet, jf. vedteke planprogram, og andre vesentlege tema for miljø og samfunn (figur 1). Til slutt er det gjort ein samla vurdering av kvart arealinnspel, slik at innspelet totalt får ein vurdering av konsekvens. Samla vurdering baserer seg på vurderingane av enkelttema, supplert med forhold som fagleg skjønn og lokalkunnskap. Enkelttema er vektlagt på bakgrunn av grad av viktigheit, og arealstrategiane til kommunen er tillagd særskild vekt. Vurderingane er tilpassa plannivå og relevans for avgjerda kommunen skal fatte.

Figur 1. «Trafikklysmodellen» som er lagt til grunn for klassifisering av vurdert konsekvens.

Grønn	Ingen kjent konflikt med dette temaet
Gul	Konflikt med lokale eller regionale verdiar, men på ein slik måte at konflikten antakast å kunne løysast på reguleringsplannivå eller ved avbøtande tiltak.
Rød	Konflikt med sentrale kommunale føringar, regionale eller nasjonale verdiar.
Blå	Uavklart.
Grå	Ikkje relevant for innspelet.

Det er utarbeida ein eigen risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) for alle arealinnspela som er konsekvensutgreia. Oppsummerande vurdering av identifiserte risiko- og sårbarheitsforhold er teke med i ein tabell under kvart arealinnspel. For meir informasjon om vurdering og metodikk for ROS sjå eige rapport.

2.2. Avgrensing av tettstader og bygder

For å gjere vurderingar opp mot arealstrategi om variert bustadtilbod, som legg vekt på plassering i/utanfor tettstadene, er tettstadene grovt avgrensa basert følgande prinsipp: Område med samanhengande utbygging, område avsett til bustadføremål i gjeldande kommuneplan og regulerte bustadfelt som ligg i nærleiken av skule, barnehage, butikkar eller liknande tenester.

3. Vurdering av arealinnspel

Gjennomgangen av arealinnspel er gjort gruppevis etter kva arealformål innspela gjeld.

Enkelte av illustrasjonane for arealinnspela viser at det har kome inn fleire innspel i same område. Dei andre innspela som har kome inn i same område visast med små nummer i illustrasjonane. Det arealinnspelet som blir vurdert under det aktuelle kapittelet er markert med store nummer. Det er enkelte arealinnspel som er synleg på illustrasjonane og som ikkje blir konsekvensvurdert. Desse innspela er silt ut tidlegare i prosessen på bakgrunn av vedteke arealstrategi og politiske prinsipp avklart tidleg i planprosessen. Se eksempel på figuren under (fig. 1).




Figur 1. Eksempel på illustrasjon med arealinnspill, her for innspill nr. 51a som ligger i et område hvor det har kommet flere innspill.

Sjå også kap. 2 for nærare omtale av metode og vedlegg 1 for oversikt over kunnskap og kriteria som er lagt til grunn i konsekvensutgreiinga.

3.1. Bustader

3.1.1. Nr 39

Forslag	Gnr./bnr.	66/1
	Arealstørrelse	34 daa
	Føremål i gjeldande plan	LNFR
	Foreslått føremål	Bustad
	Kort omtale av forslaget	Område mellom elva og Frølandsvegen. Ønsker bustadtomter. Sentralt for barnefamiliar. Nær infrastruktur. Området gror i dag igjen.
	Forslagsstillar	Leiv Krosshus

Kart	*Avgrensing av innspel over flyfoto + avgrensing av innspel over gjeldande KPA*  
Oppsummerande vurdering	Deler av området er dyrkbar mark. Området er kartlagt og det er ikkje funn av kjende naturverdiar. Område med stor flaumfare (10-års flaum) som vil krevje sikringstiltak. Usikkert om sikringstiltak kan gjennomførast utan å forverre flaumsituasjonen oppstraums eller nedstraums. I tillegg må erosjonssikring utgreiast. Avbøtande tiltak: • Det må i en evt. reguleringsplanprosess gjerast ein vurdering på om området er mogleg å flaumsikre, og ein ev. reguleringsplan må stille krav om flaumsikring av området. • Kantsonevegetasjon mot Hjartdøla må sikrast.
	Noko konflikt med lokale eller regionale verdiar, men på ein slik måte at konflikten truleg kan løysast på reguleringsplannivå eller med avbøtande tiltak.

	Kriteria	Konsekvens *(r/g/g/b/g)*	Verdi og vurdering
Attraktiv bukommune	Bidra til eit variert bustadtilbod		Innspel om bustad innanfor kommesenteret Sauland.
	Nærleik til teneste og barn- og unges oppvekstvilkår		Området ligg om lag 500 meter frå Sauland skule, og grensar til Sauland idrettslag si fotballbane og klubbhus. Skuleveg må krysse E134, og det er ikkje tilrettelagt sikker g/s-kryssing av E134.
Fritidsbustader og destinasjonsutvikling i Tuddal	Bidra til destinasjonsutvikling		Ikkje relevant
Kultur, natur-, landskaps og friluftskvaliteter	Ivareta kulturminne- og miljø		Ingen registrerte kulturminne- og miljø.
	Ivareta naturmangfald		Eksisterande dokumentasjon i databaser viser ingen funn av raudlisteartar eller andre naturverdiar innanfor innspelsområdet. Området er NiN-kartlagt 2024 ifm rullering av kommuneplanens arealdel, og det blei ikkje gjort funn av naturverdiar eller raudlisteartar under kartleggina. Kantsone mot



			Hjartdøla ligg innanfor innspelsområde. Ligg i område for helårsbeite for vilt. Skog i hogstklasse I og II.
	Ivareta viktige område og forbindelsar for friluftsliv		Ingen friluftsinteresser er registrert i området. På austsida av Frølandvegen ligg Sauland idrettslag sitt klubbhus.
	Ivareta omsyn til landskap og terreng		Innspelet vil endre landskapet sin karakter ved Hjartdøla.
Naturressursar	Ivareta dyrka og dyrkbar mark og beiteområde		Ikkje dyrka mark i dag. Deler av innspelsområdet er dyrkbar mark.
	Mineralressursar		Grus/pukkforekomst av liten betydning.
Forureining og klima	Støy, ljosforureining, og forureining til luft, vatn og grunn		Ikkje registrert grunnforureining. Ikkje påverka av støy frå veg og ikkje innspel om støyande næring. Ligg i eit området utan ljosforureining i dag og utbygging vil endre dagens situasjon.
	Klimagassutslepp		Berekna utslepp av arealbruksendring på 2714 tonn CO2-ekvivalentar. Opnar ikkje for ny næring som aukar klimagassutslepp. Medfører i liten grad endringar i trafikk eller trafikkmønster som aukar klimagassutslepp. Konsekvens sett til gul på grunn av berekna utslepp.
Teknisk infrastruktur	Veg, vatn- og avløp		Nær kommunal infrastruktur.

ROS-analyse

Uønskt hending	Risiko			Omtale	Forslag til risiko-reduserande tiltak
	Liv/ helse	Stabilitet	Materielle verdiar		
Ekstremvær – Vind og nedbør/overvatn				Ikkje spesielt utsett for vind, ingen dreneringslinjer gjennom området.	
Flaum				Heile området er innanfor 200-årsflaumsone, heile området er innanfor 50-årsflaumsone og omtrent heile området er innanfor 10-årsflaumsone. Flaumberekninga er så gammal at den ikkje inkluderer anbefalt klimapåslag for Hjartdøla (20 % ifølge Klimaprofil Telemark - Norsk klimaservicesenter)	Utgreie og inkludere sikringstiltak mot flaum i neste planfase. Det er ikkje gitt at området kan sikrast tilstrekkeleg mot flaum utan å gi verknader for areal nedstraums eller oppstraums.

					
Skred				Ikkje innanfor aktsemd- eller faresone for skred, men erosjon langs vassdrag kan vere ei problemstilling her.	Erosjonsfare og sikring mot vassdrag må utgreiast i neste planfase.
Stor ulykke langs veg				Ikkje direkte tilkomst til E134. Ikkje vesentleg auke i trafikk. Ikkje registrert ulykker i direkte nærleik	
Stor bygningsbrann				Rundt 20 min køyreavstand frå brannstasjon. Mest truleg frittliggande bustadar med avstand som hindrar brannspreiing.	Utgreie behov for branntiltak i neste planfase. Legge til rette for god tilgang for utrykkingskøyretøy.
Skogbrann				Generelt lågt skogbrannpotensial (NIBIO) i området rundt, grensar ikkje direkte til andre skogområde (elva i mellom).	
Dambrot				Nedstraums damanlegg og lågareliggande areal. Svært lågt sannsyn.	
Svikt i tekniske anlegg (drikkevatn, avløp, kraftforsyning, EKOM)				Sentral plassering, kan truleg koplast til offentleg nett.	
ROS, samla vurdering: Område med stor flaumfare (10-års flaum) som vil krevje sikringstiltak. Usikkert om sikringstiltak kan gjennomførast utan å forverre flaumsituasjonen oppstraums eller nedstraums. I tillegg må erosjonssikring utgreiast og behov for branntiltak vurderast i neste planfase.					

3.1.2. Nr 50 Hagengården, Sauland sentrum

Forslag	Gnr./bnr.	72/2
	Arealstørrelse	6 daa
	Føremål i gjeldande plan	LNFR, omsynssone flomfare, gjennomføringssone krav om felles planlegging
	Foreslått føremål	Bustad
	Kort omtale av forslaget	Ønsker bustad. Kommunen har kjøpt gårdstunet og ønsker å etablere boliger innenfor helse og omsorg.
	Forslagsstillar	Hjartdal kommune
Kart	*Avgrensing av innspel over flyfoto + avgrensing av innspel over gjeldande KPA*  	
Oppsummerande vurdering	Området ligg i Sauland sentrum, og det er ikkje registrert nokon store verdikonfliktar knytta til innspelet. Det ligg noko dyrka mark innanfor innspelsområdet. Heile område ligg i sone for 200-års flaum og aktsemdsone for kvikkleire Avbøtande tiltak: • Flaumfaren og områdestabilitet avklarast på reguleringsplannivå • Avgrense området mot dyrka mark	
	Lite konflikt med regionale og lokale verdiar	

	Kriteria	Konsekvens *(r/g/g/b/g)*	Verdi og vurdering
Attraktiv bukommune	Bidra til eit variert bustadtilbod		Innspel om bustad innanfor kommesenteret Sauland.
	Nærleik til teneste og barn- og unges oppvekstvilkår		Ja, innspelsområdet ligger i Sauland sentrum.
Fritidsbustader og destinasjonsutvikling i Tuddal	Bidra til destinasjonsutvikling		Ikkje relevant
Kultur, natur-, landskaps og friluftskvaliteter	Ivareta kulturminne- og miljø		Hagengarden er en gard i Sauland sentrum, med tilhøyrande jorde. På arealet der gardstunet med bustadhus, stabbur og låve står i dag, er det ynskje om å etablere bustad. Gardstunet er godt synleg frå


			rv. 134. Vest for gardstunet er det etablert ny busetnad tett opp til. Ingen registreringar hos Riksantikvaren. Elles ingen registrerte kulturminne- og miljø.
	Ivareta naturmangfald		Eksisterande dokumentasjon i databaser viser ingen funn av raudlisteartar eller andre naturverdiar innanfor innspelsområdet. Området er NiN-kartlagt 2024 ifm rullering av kommuneplanens arealdel, og det blei ikkje gjort funn av naturverdiar eller raudlisteartar under kartleggina. Menneskepåvirka areal gir grøn konsekvens for naturmangfald.
	Ivareta viktige område og forbindelsar for friluftsliv		Ingen eksisterande friluftslivsinteressar i dag. Foreslått gangsti mellom Hjartdal omsorgssenter og klubbhuset til Sauland IL starter ved innspellsområdet.
	Ivareta omsyn til landskap og terreng		Området er flatt, og ein endring frå gardstun til bustad vil ikkje utgjere ein stor endring samanlikna med dagens situasjon.
Naturressursar	Ivareta dyrka og dyrkbar mark og beiteområde		Det ligg noko dyrka mark innanfor innspelsområde.
	Mineralressursar		Området ligg innanfor grus/pukkforekost av liten betydning.
Forureining og klima	Støy, ljosforureining, og forureining til luft, vatn og grunn		Området ligger i sentrum, og tiltaket vil ikke medføre vesentlig endring av lysforurensning eller støy.
	Klimagassutslepp		Berekna utslepp av arealbruksendring på 101 tonn CO2-ekvivalentar. Opnar ikkje for ny næring som aukar klimagassutslepp. Medfører i liten grad endringar i trafikk eller trafikkmønster som aukar klimagassutslepp
Teknisk infrastruktur	Veg, vatn- og avløp		Kommunalt VA.

ROS-analyse

Uønskt hending	Risiko			Omtale	Forslag til risiko-reduserande tiltak
	Liv/ helse	Stabilitet	Materielle verdiar		
Ekstremvær – Vind og nedbør/overvatn				Ikkje spesielt utsett for vind, ingen dreneringslinjer gjennom området.	
Flaum				Delar av området er innanfor 200-årsflaumsone. Flaumberekninga er så gammel at den ikkje inkluderer anbefalt klimapåslag for Hjartdøla (20 % ifølge Klimaprofil	Neste planfase må utgreie og inkludere sikringstiltak mot flaum.

				Telemark - Norsk klimaservicesenter)	
Skred				Ligg delvis innanfor aktsemdsområde for kvikkleireskred.	Utgreie områdestabiliteten i neste planfase.
Stor ulykke langs veg				Direkte åtkomst til E134. Ikkje registrerte ulykker ved avkøyring. Lite område som vil gi avgrensa auke i trafikk.	
Stor bygningsbrann				Rundt 20 min køyreavstand frå brannstasjon. Sentralt, kan vere aktuelt med meir konsentrert busetnad.	Utgreie behov for branntiltak i neste planfase. Legge til rette for god tilgang for utrykkingskøyretøy.
Skogbrann				Ikkje skog i området eller umiddelbar nærleik.	
Dambrot				Nedstraums damanlegg og lågareliggande areal. Svært lågt sannsyn.	
Svikt i tekniske anlegg (drikkevatn, avløp, kraftforsyning, EKOM)				Kan knytast til offentleg nett.	
ROS, samla vurdering: Området er utsett for 200-års flaum som vil krevje sikringstiltak og områdestabilitet må undersøkast. Behov for branntiltak bør vurderast i neste planfase.					

3.1.3. Nr 52 Utvidelse av Åsenfeltet/Øvstebøfeltet

Forslag	Gnr./bnr.	Del av 70/1, 70/6 og 69/21
	Arealstørrelse	67 daa
	Føremål i gjeldande plan	LNFR
	Foreslått føremål	Bustad
	Kort omtale av forslaget	Kommunen har kjøpt eigedomen. Ynskjer bustad.
	Forslagsstillar	Hjartdal kommune
Kart	*Avgrensing av innspel over flyfoto + avgrensing av innspel over gjeldande KPA* 	

Oppsummerande vurdering	Ligg innanfor definert tettstadområde for Sauland. Innanfor området ligg Gamle Tuddalsveg, og ein registrert naturtypelokalitet (sumpskog, moderat kvalitet, god tilstand). Liten del av området ligg innanfor aktsemdssone for skred. Avbøtande tiltak: • Bevare gamle Tuddalsveg og integrere denne i endeleg utforming av bustadområdet • Sikre naturtypelokaliteten sumpskog i endeleg avgrensing av området. • Ved ein ev. reguleringsplan må skredsoner utgreiast
	Noko konflikt med lokale eller regionale verdiar, men på ein slik måte at konflikten truleg kan løysast på reguleringsplannivå eller med avbøtande tiltak.


	Kriteria	Konsekvens *(r/g/g/b/g)*	Verdi og vurdering
Attraktiv bukommune	Bidra til eit variert bustadtilbod		Innspel om bustad innanfor kommesenteret Sauland.
	Nærleik til teneste og barn- og unges oppvekstvilkår		Det er om lag 2 km på gang- og sykkelveg skulen.
Fritidsbustader og destinasjonsutvikling i Tuddal	Bidra til destinasjonsutvikling		Ikkje relevant
Kultur, natur-, landskaps og friluftskvaliteter	Ivareta kulturminne- og miljø		Ingen registrerte kulturminne- og miljø.
	Ivareta naturmangfald		Området er NiN-kartlagt 2024 ifm rullering av kommuneplanens arealdel, og det blei gjort funn av naturtypelokalitet sumpskog vest i innspelsområdet moderat kvalitet, god tilstand. Østre deler har gammal furuskog (140-159 år) og dekkes at kartlaget «den eldste skogen». Store deler av innspelsområde er dekket av hogstklasse V. Ligg i område for heilårsbeite for vilt. Eksisterande dokumentasjon i databasar viser funn av knuskkjuke (Vu på rødlista).
	Ivareta viktige område og forbindelsar for friluftsliv		Gamle Tuddalsveg går gjennom vestre del av innspelsområde. Strava viser at denne er i bruk. Å utvide eksisterande bustadfelt vil gje eksisterande bebuarar lengre avstand til skogen.
	Ivareta omsyn til landskap og terreng		Utviding av eksisterande bustadfelt. Ligg i sørvend li, vil truleg ikkje gje silhuettar.
Naturressursar	Ivareta dyrka og dyrkbar mark og beiteområde		Ikkje dyrka eller dyrkbar jord.
	Mineralressursar		Ingen kjende mineralressursar.
Forureining og klima	Støy, ljosforureining, og forureining til luft, vatn og grunn		Ikkje registrert grunnforureining. Delar av innspelsområdet i aust ligg i gul støysone frå veg. Grenser delvis til eksisterande utbyggingsområde og ljosforureining frå ny bustadbusetnad vil ikkje påverke dagens situasjon mykje.

	Klimagassutslepp		Berekna utslepp av arealbruksendring på 1544 tonn CO2-ekvivalentar. Opnar ikkje for ny næring som aukar klimagassutslepp. Medfører i liten grad endringar i trafikk eller trafikkmønster som aukar klimagassutslepp.
Teknisk infrastruktur	Veg, vatn- og avløp		

ROS-analyse

Uønskt hending	Risiko			Omtale	Forslag til risiko-reduserande tiltak
	Liv/ helse	Stabilitet	Materielle verdiar		
Ekstremvær – Vind og nedbør/overvatn				Ikkje spesielt utsett for vind. Vert i liten grad påverka av dreneringslinjer, men utbygging kan gi auka avrenning til lågareliggande busetnad. Dette må takast omsyn til i neste planfase.	
Flaum				Ikkje utsett for flaum.	
Skred				Ikkje utsett for skred.	
Stor ulykke langs veg				Ikkje direkte åtkomst til E134, ikkje registeret ulykker ved utkøyring til Tuddalsvegen. Vil gi noko auka trafikk.	
Stor bygningsbrann				Rundt 20 min køyreavstand frå brannstasjon. Mest truleg frittliggande bustadar med avstand som hindrar brannspreiing.	Utgreie behov for branntiltak i neste planfase. Legge til rette for god tilgang for utrykkingskøyretøy.
Skogbrann				Grensar til samanhengande skogområde med høgt skogbrannpotensial (NIBIO).	Legge til rette for oppstilling av sløkkjemateriell i neste planfase.
Dambrot				Ikkje aktuelt.	
Svikt i tekniske anlegg (drikkevatn, avløp, kraftforsyning, EKOM)					
ROS, samla vurdering: Behov for branntiltak bør vurderast i neste planfase.					


3.1.4. Nr 51A Dalen aust

Forslag	Gnr./bnr.	49/1 og 49/26
	Arealstørrelse	7
	Føremål i gjeldande plan	LNFR. Omsynssone kulturmiljø.
	Foreslått føremål	Bustad
	Kort omtale av forslaget	Kommunen har kjøpt gardstunet og ønsker å etablere mindre bustader her
	Forslagsstillar	Hjartdal kommune
Kart	*Avgrensing av innspel over flyfoto + avgrensing av innspel over gjeldande KPA* 	
Oppsummerande vurdering	I tråd med om eit variert bustadtilbod og ligg innanfor tettstadgrensa for Hjartdal og 200 meter frå Hjartdal montessoriskule. Noko dyrka mark i området. Område ligg innanfor aktsemdsone for snøskred og delvis jord- og flaumskred. Ligg innanfor nasjonalt og regionalt viktig kulturlandskap kulturlandskap. Avbøtande tiltak: • Stille krav om at plassering og utforming av bygg tilpassast til kulturlandskapet • Ved ein reguleringsplan må skredsonar utgreiast.	
	Noko konflikt med lokale eller regionale verdiar, men på ein slik måte at konflikten truleg kan løysast på reguleringsplannivå eller med avbøtande tiltak.	


	Kriteria	Konsekvens *(r/g/g/b/g)*	Verdi og vurdering
Attraktiv bukommune	Bidra til eit variert bustadtilbod		I tråd med strategi om eit variert bustadtilbod og ligg innanfor tettstadgrensen for Hjartdal.
	Nærleik til teneste og barn- og unges oppvekstvilkår		Ligg om lag 200 meter frå Hjartdal montessoriskule. Vegen frå innspelsområdet til skulen er ikkje tilrettelagt for mjuke trafikantar.
Fritidsbustader og destinasjonsutvikling i Tuddal	Bidra til destinasjonsutvikling		Ikkje relevant

Kultur, natur-, landskaps og friluftskvaliteter	Ivareta kulturminne- og miljø		Dalen gard vil måtte rivast som følgje av bustadbygging. To SEFRAK-registrerte bygg på Dalen gard.
	Ivareta naturmangfald		Området er ikkje NiN-kartlagt. Eksisterande dokumentasjon i databaser viser ingen funn av naturverdiar eller raudlisteartar. Da innspelsområdet er menneskepåvirka er det gitt grøn konsekvens sjølv om området ikkje er NiN-kartlagt.
	Ivareta viktige område og forbindelsar for friluftsliv		Ingen registrerte konfliktar.
	Ivareta omsyn til landskap og terreng		Ligg innanfor nasjonalt og regionalt viktig kulturlandskap. Eit mindre område med bustader vil i liten grad endre landskapets karakter, og innspelsområdet ligg i tilknyting til eksisterande bustadfelt.
Naturressursar	Ivareta dyrka og dyrkbar mark og beiteområde		Det er noko fulldyrka mark innanfor innspelområdet, men i hovudsak er området eit gardstun.
	Mineralressursar		Ingen kjende førekomstar.
Forureining og klima	Støy, ljosforureining, og forureining til luft, vatn og grunn		Ubetydeleg endring
	Klimagassutslepp		Berekna utslepp av arealbruksendring på ca 200 tonn CO2-ekvivalentar. Opnar ikkje for ny næring som aukar klimagassutslepp. Medfører i liten grad endringar i trafikk eller trafikkmønster som aukar klimagassutslepp, men på grunn av lengre avstand til arbeidsmarknader og lite innspelsområde settast konsensen til gul.
Teknisk infrastruktur	Veg, vatn- og avløp		

ROS-analyse

Uønskt hending	Risiko			Omtale	Forslag til risiko-reduserande tiltak
	Liv/ helse	Stabilitet	Materielle verdiar		
Ekstremvær – Vind og nedbør/overvatn				Ikkje spesielt utsett for vind. Ingen dreneringslinjer.	
Flaum				Ikkje utsett for flaum.	
Skred				Innanfor aktsemdssone for snøskred. Kartlaget «S2 snøskred m skogeffekt» antydar at skogen i nordaust har stor skredvernverdi. Liten del av området i nordaust ligg innanfor aktsemd for jord- og flaumskred: 	Skredfare må greiast ut i neste planfase.
Stor ulykke langs veg				Liten auke i trafikk.	
Stor bygningsbrann				Rundt 35 min køyreavstand frå brannstasjon. Mest truleg frittliggande bustadar med avstand som hindrar brannspreiing.	Utgreie behov for branntiltak i neste planfase. Legge til rette for god tilgang for utrykkingskøyretøy.
Skogbrann				Spreidd skog med i stor grad lågt skogbrannpotensial (NIBIO) i området rundt.	
Dambrot				Ikkje aktuelt.	
Svikt i tekniske anlegg (drikkevatn, avløp, kraftforsyning, EKOM)				Antar at det ikkje er mogleg å kople til offentleg anlegg.	
ROS, samla vurdering: Ligg innanfor aktsemdssone for snøskred og delvis jord- og flaumskred, reel fare må utgreiast og handterast i neste planfase. Behov for branntiltak bør vurderast i neste planfase.					


3.1.5. Nr 51B Dalen vest

Forslag	Gnr./bnr.	49/1 og 49/26
	Arealstørrelse	7
	Føremål i gjeldande plan	Idrett
	Foreslått føremål	Bustad
	Kort omtale av forslaget	Område er i dag skogkledd, men er avsett til idrett i gjeldande KPA. Kommunen har erverva eigedomen med ønskje om å utvikle bustader her.
	Forslagsstillar	Hjartdal kommune
Kart	*Avgrensing av innspel over flyfoto + avgrensing av innspel over gjeldande KPA* 	
Oppsummerande vurdering	I tråd med strategi om eit variert bustadtilbod og ligg innanfor tettstadgrensa for Hjartdal og 200 meter frå Hjartdal montessoriskule. Område ligg innanfor aktsemdsone for flaum. Ligg innanfor svært verdifullt kulturlandskap. Området er ikkje NiN-kartlagd, og det er knytt usikkerheit til naturverdiar i området. Avbøtande tiltak: • Stille krav om at plassering og utforming av bygg tilpassast til kulturlandskapet • Ved ein reguleringsplan må flaumsonar utgreiast.	
	Noko konflikt med lokale eller regionale verdiar, men på ein slik måte at konflikten truleg kan løysast på reguleringsplannivå eller med avbøtande tiltak.	

	Kriteria	Konsekvens *(r/g/g/b/g)*	Verdi og vurdering
Attraktiv bukommune	Bidra til eit variert bustadtilbod		Vil bidra til eit variert bustadtilbod og ligg innanfor tettstadgrensen for Hjartdal.
	Nærleik til teneste og barn- og unges oppvekstvilkår		Ligg om lag 200 meter frå Hjartdal montessoriskule. Del av større areal som er sett av til idrettsområde i gjeldande KPA. Området er ikkje opparbeida til idrett, og eit stort areal kan framleis oppretthaldast som idrettsformål i ny plan.


Fritidsbustader og destinasjonsutvikling i Tuddal	Bidra til destinasjonsutvikling		Ikkje relevant
Kultur, natur-, landskaps og friluftskvaliteter	Ivareta kulturminne- og miljø		Ligg innanfor svært verdifullt kulturlandskap. Ingen registrerte kulturminne.
	Ivareta naturmangfald		Området er ikkje NiN-kartlagt 2024 ifm rullering av kommuneplanens arealdel, Eksisterande dokumentasjon i databaser viser ingen funn av naturverdiar eller raudlisteartar. Bjørk/lauvskog. Ligg i område for helårsbeite for hjortevilt. Blå konsekvens (ikkje avklart), da området ikkje er NiN-kartlagt, og det kan vere potensial for funn av naturverdiar.
	Ivareta viktige område og forbindelsar for friluftsliv		Ingen registrerte konfliktar.
	Ivareta omsyn til landskap og terreng		Ligg innanfor nasjonalt og regionalt viktig kulturlandskap. Ligg innanfor nasjonalt og regionalt viktig kulturlandskap. Eit mindre område med bustader vil i liten grad endre landskapets karakter, og innspelsområdet ligg i tilknyting til eksisterande bustadfelt.
Naturressursar	Ivareta dyrka og dyrkbar mark og beiteområde		Ikkje dyrka mark eller dyrkbar mark.
	Mineralressursar		Ingen registrerte førekomstar.
Samfunnstryggleik, forureining og klima	Støy, ljosforureining, og forureining til luft, vatn og grunn		Ingen vesentleg endring frå dagens situasjon.
	Klimagassutslepp		Berekna utslepp av arealbruksendring på ca 800 tonn CO2-ekvivalentar. Opnar ikkje for ny næring som aukar klimagassutslepp. Medfører i liten grad endringar i trafikk eller trafikkmønster som aukar klimagassutslepp, men på grunn av lengre avstand til arbeidsmarknader og lite innspelsområde settast konsensen til gul.
Teknisk infrastruktur	Veg, vatn- og avløp		

ROS-analyse

Uønskt hending	Risiko			Omtale	Forslag til risiko-reduserande tiltak
	Liv/ helse	Stabilitet	Materielle verdiar		
Ekstremvær – Vind og nedbør/overvatn				Ikkje spesielt utsett for vind. Ingen dreneringslinjer.	
Flaum				Delar av området ligg innanfor aktsemdssone for flaum. 	Utgreie reel flaumfare i neste planfase.
Skred				Aktsemdssone for snøskred grensar til området i nord. Kartlaget «S2 snøskred m skogeffekt» antydar at skogen i nordaust har stor skredvernverdi.	
Stor ulykke langs veg				Liten auke i trafikk.	
Stor bygningsbrann				Rundt 35 min køyreavstand frå brannstasjon. Sannsyn vert vurdert til middels.	Utgreie behov for branntiltak i neste planfase. Legge til rette for god tilgang for utrykkingskøyretøy.
Skogbrann				Skogkledt område med lågt skogbrannpotensial (NIBIO). Grensar delvis til andre skogsområde.	
Dambrot				Ikkje aktuelt.	
Svikt i tekniske anlegg (drikkevatn, avløp, kraftforsyning, EKOM)				Antar at det ikkje er mogleg å kople til offentleg anlegg.	
ROS, samla vurdering: Ligg innanfor aktsemdssone for flaum, reel fare må utgreiast og handterast i neste planfase. Behov for branntiltak bør vurderast i neste planfase.					

3.2. Fritids- og turistføremål

3.2.1. Nr. 36 Alpelandsbyen Tuddal

Forslag	Gnr./bnr.	-
	Arealstørrelse	I beskrivelsen: 2900-3500 daa. I kartet: 2410 daa.
	Føremål i gjeldande plan	LNFR, fritidsbusetnad og omsynssone overføringsliner for energi
	Foreslått føremål	Fritids- og turistføremål
	Kort omtale av forslaget	Sju grunneigarar har gått saman om å leggje inn sine areal som ein felles satsing på å utvikle eit nytt område som ligger mellom sentrum ved Bøen krysset og Toskjær området i Tuddal med fritidsbustader og alpinanlegg
	Forslagsstillar	Jan Egil Skårdal mfl.
Kart	*Avgrensing av innspel over flyfoto + avgrensing av innspel over gjeldande KPA*  *Utbyggerane har i etterkant spilt inn ønske om at området utvidast nordover slik at det grenser inntil innspela 1 og 6*	
Oppsummerande vurdering	I tråd med strategi om at Tuddal er satsingsområde for fritidsbustader. Ein utbygging av heile innspelsområde vil ha betydelege negative konsekvensar for naturmangfald og klima. Nordre del av innspelsområdet ligg innanfor utvida reinsedistrikt, men utanfor eksisterande reinsedistrikt. Det et aktsemdsonar for flaum og skred innanfor området. Dreneringsliner for overvatn må ivaretakast. Ein mindre del av området i vest er dyrka mark. Avbøtande tiltak: • Unngå dyrka mark • Unngå nedbygging av naturtypelokaliteter og den eldste skogen • Unngå bygging over tregrensa og heilt ned mot bygda • Tilpasse avgrensing til utvida reinsedistrikt • Ved ein reguleringsplan må flaum, skred og overvatn utgreiast og ivaretakast	
	Konflikt med lokale, regionale og nasjonale verdiar, men på ein slik måte at området kan avgrensast og det kan gjerast avbøtande tiltak på reguleringsplannivå slik at konflikten kan løysast.	

	Kriteria	Konsekvens *(r/g/g/b/g)*	Verdi og vurdering
Attraktiv bukommune	Bidra til eit variert bustadtilbod		Ikkje relevant.
	Nærleik til teneste og barn- og unges oppvekstvilkår		Ikkje relevant.
Fritidsbustader og destinasjonsutvikling i Tuddal	Bidra til destinasjonsutvikling		I tråd med strategi om at Tuddal er satsingsområde for fritidsbustader. Ligg ikkje innanfor eksisterande reinsedistrikt. Nordre del ligg innanfor utvida reinsedistrikt.
Kultur, natur-, landskaps og friluftskvaliteter	Ivareta kulturminne- og miljø		Ingen kjente kulturminne og -miljø.
	Ivareta naturmangfald		Store deler av innspelsområde er NiN-kartlagt i 2024 ifm rullering av kommuneplanens arealdel. Under kartleggina blei det registrert fleire viktige naturtypelokaliteter av høg og særs høg kvalitet, både slåtte mark og gammal lågurtgranskog. I tillegg er det store områder med gamal skog innanfor innspelsområde, med alder 140-159 år, samt nokre områder med skog eldre enn 160 år. Dette er gitt i kartlaget eldste skogen. I influensområdet, rett nord for innspillsområdet, er det gjort funn av et betydelig antall rødlistearter (Biofokus, oktober 2024). Ligg utanfor villreinområde. Det er registret en trekkveg for vilt gjennom nordre del av området, og et leikområde rett sør for området. Totalt sett er innspelsområdet eit samanhengande skogsområde med større områder med gammel skog, og funksjon for gammelskogsarter, bla, fugl som tretåspett, lavskrike og skogsfugl. Det er potensial for funn av raudlisteartar. *Utbyggerne har i etterkant av NiN-kartleggingen spilt inn ønske om at området utvides nordover slik at det grenser inntil innspillene 1 og 6. Dette arealet er derfor ikkje kartlagt når planforslaget handsamast 1. gong.*
	Ivareta viktige område og forbindelsar for friluftsliv		Ingen åpenbar konflikt. Heilt i nord og heilt i sør er det skiløype i dag.
	Ivareta omsyn til landskap og terreng		Vil endre landskapet sin karakter. Innspelsområdet dekker ein rygg i landskapet, og ein utbygging kan gje silhuettverknad. Utbygging i innspelsområde vil vere synleg frå Tuddal sentrum og ein full utbygging av området vil endre karakteren til grenda Tuddal slik den er i dag. Delar av området ligg over tregrensa.
Naturressursar	Ivareta dyrka og dyrkbar mark og beiteområde		Noko dyrka mark i vestre hjørne av området, rundt Grasåstjønn. Utgjer en mindre del av innspelsområdet.

	Mineralressursar		Søraussstre del av innspelsområdet har ein grus/pukkførekomst av liten betydning.
Forureining og klima	Støy, ljosforureining, og forureining til luft, vatn og grunn		Vi bidra til auka støy og ljosforureining samanlikna med dagens situasjon.
	Klimagassutslepp		Berekna utslepp av arealbruksendring på 72000 tonn CO2-ekvivalentar. Medfører i stor grad endring i trafikk eller transportmønstre som aukar klimagassutslepp. Opnar ikkje for ny næring som aukar klimagassutslepp. Raud på grunn berekna utslepp og endring i trafikk.
Teknisk infrastruktur	Veg, vatn- og avløp		Sjå tema «Fritidsbustader og destinasjonsutvikling i Tuddal»

ROS-analyse



Uønskt hending	Risiko			Omtale	Forslag til risiko-reduserande tiltak
	Liv/ helse	Stabilitet	Materielle verdiar		
Ekstremvær – Vind og nedbør/overvatn				Dekker ein rygg i landskapet, busetnad kan bli vindutsett. Fleire dreneringslinjer innanfor området som må takast omsyn til for å unngå overvassfare.	Utgreie overvatn og ta omsyn til dreneringslinjer i neste planfase. Ta omsyn til vind ved plassering av bygg i reguleringsplan og detaljprosjektering (f.eks. val av kledning, mm.)
Flaum				Ein bekk i innspelsområdet ligg med aktsemdssone for flaum.	Utgreie reel flaumfare i neste planfase.
Skred				Det er fleire områder med aktsemdssone for snøskred, steinsprang og jord- og flaumskred i innspelsområdet.	Utgreie reel skredfare i neste planfase.
Stor ulykke langs veg				Ikkje avklart kva avkøyringar som blir aktuelle ved utbygging. Det er ikkje registrert ulykker ved mest sannsynleg utkøyring til fylkesvegen i sentrum av Tuddal. Forhaldsvis lågt trafikknivå (ÅDT frå 150-600). Fullt utbygd innspel, inkl. alpinanlegg, vil skape ein god del ny trafikk.	Trafikk og trafikksikkerheit må utgreiast i neste planfase dersom det vert tilrettelagt for arealbruk som gir vesentleg meir trafikk.
Stor bygningsbrann				Rundt 40 min køyreavstand frå brannstasjon. Innspel om tiltak som gir bygg/tiltak med mykje personopphald.	Utgreie behov for branntiltak i neste planfase. Legge til rette for god tilgang

					for utrykkingskøyretøy.
Skogbrann				Grensar til samanhengande skogområde med høgt skogbrannpotensial (NIBIO). Sannsyn vert vurdert til middels.	Legge til rette for oppstilling av sløkkjemateriell i neste planfase.
Dambrot				Ikkje aktuelt	
Svikt i tekniske anlegg (drikkevatn, avløp, kraftforsyning, EKOM)				Delar av området ligg innanfor utvida distrikt for Russmarken VA og kan delvis knytast til offentleg VA.	
ROS, samla vurdering: Fleire risikopunkt. Dreneringslinjer og overvatn må greiast ut for å hindre fare, det er aktsemdssone for flaum, snøskred og jord- og flaumskred i området, innspel som kan gi vesentleg auke i trafikk og trafikksikkerheit må greiast ut, samt brannsikkerheit greiast ut på neste plannivå.					

3.3. Fritidsbusetnad

3.3.1. Nr 6

Forslag	Gnr./bnr.	107/3
	Arealstørrelse	746
	Føremål i gjeldande plan	LNFR med omsynssone for overføringsliner for energi
	Foreslått føremål	Fritidsbusetnad
	Kort omtale av forslaget	Ønsker fritidsbusetnad på deler av ein større eigedom
	Forslagsstillar	Kåre Karlberg

Kart	*Avgrensing av innspel over flyfoto + avgrensing av innspel over gjeldande KPA*   *Forslagsstillar har i etterkant av innsending av innspelet presisert at han ikkje har intensjon om å bygge i området som ligg ned mot Fikstjønn.*
Oppsummerande vurdering	I tråd med strategi om at Tuddal er satsingsområde for fritidsbustader. Ligg ikkje innanfor eksisterande reinsedistrikt, men ligg delvis innanfor utvida reinsedistrikt. Fire naturtypelokalitetar er registrert innanfor innspelsområdet. Aktsemdsonar for flaum og skred innanfor området. Avbøtande tiltak: • Unngå nedbygging av naturtypelokaliteter og den eldste skogen • Unngå bygging over tregrensa • Ved ein reguleringsplan må flaum, skred og overvatn utgreiast og ivaretakast • Tilpasse avgrensing til utvida reinsedistrikt
	Konflikt med lokale, regionale og nasjonale verdiar, men på ein slik måte at området kan avgrensast og det kan gjerast avbøtande tiltak på reguleringsplannivå slik at konflikten kan løysast.

	Kriteria	Konsekvens *(r/g/g/b/g)*	Verdi og vurdering
Attraktiv bukommune	Bidra til eit variert bustadtilbod		Ikkje relevant
	Nærleik til teneste og barn- og unges oppvekstvilkår		Ikkje relevant
Fritidsbustader og destinasjonsutvikling i Tuddal	Bidra til destinasjonsutvikling		Ligg i Tuddal, mellom Fikstjønn og Måsåfjell. Ligg ikkje innanfor eksisterande reinsedistrikt. Ligg delvis innanfor utvida reinsedistrikt.
	Ivareta kulturminne- og miljø		Ingen registrerte kulturminne og -miljø.


Kultur, natur-, landskaps og friluftskvaliteter	Ivareta naturmangfald		Området er NiN-kartlagt i 2024 ifm rullering av kommuneplanens arealdel. Det ble kartlagt fire naturtypelokalitetar: Gamal lågurtgranskog, gamal furuskog med gamle trær, gamal furudominert naturskog (moderat kvalitet), samt del av slåttemark av svært høy kvalitet. Det er betydeleg med gamalskog utover lokalitetar, men hogstklasse er ikkje registrert for hele området. Ligg utanfor villreinområde. Det er registrert ein trekkveg for vilt rett nord for området.
	Ivareta viktige område og forbindelsar for friluftsliv		Ingen konflikt.
	Ivareta omsyn til landskap og terreng		Delar av området ligg over tregrensa.
Naturressursar	Ivareta dyrka og dyrkbar mark og beiteområde		Ikkje dyrka eller dyrkbar jord.
	Mineralressursar		Ingen kjende førekomstar.
Forureining og klima	Støy, ljosforureining, og forureining til luft, vatn og grunn		Ikkje registrert grunnforureining. Vil bidra til noko auka ljosforureining.
	Klimagassutslepp		Berekna utslepp av arealbruksendring på om lag 15000 tonn CO2-ekvivalentar. Medfører i stor grad endring i trafikk eller transportmønstre som aukar klimagassutslepp. Ikkje myr.
Teknisk infrastruktur	Veg, vatn- og avløp		Sjå tema «Fritidsbustader og destinasjonsutvikling i Tuddal»

ROS-analyse

Uønskt hending	Risiko			Omtale	Forslag til risiko-reduserande tiltak
	Liv/ helse	Stabilitet	Materielle verdiar		
Ekstremvær – Vind og nedbør/overvatn				Delar av område kan vere vindutsett (over tregrensa). Det er fleire dreneringslinjer som kryssar området.	Utgreie overvatn og ta omsyn til dreneringslinjer i neste planfase. Ta omsyn til vind ved plassering av bygg i reguleringsplan og detaljprosjektering (f.eks. val av kledning, mm.)

Flaum				Delar av området nede ved Fikstjønn ligg innanfor aktsemdssone for flaum.	Utgreie reel flaumfare i neste planfase.
Skred				Delar av området ligg innanfor aktsemdssone for snøskred (med og utan skogeffekt), mindre områder er innanfor aktsemdssone for steinsprang og jord- og flaumskred.	Utgreie reel skredfare i neste planfase.
Stor ulykke langs veg				Ikkje vesentleg auke i trafikk, risikoen vil avhenge av tal einingar som vert etablert.	
Stor bygningsbrann				Rundt 50 min køyreavstand frå brannstasjon. Mest sannsynleg frittliggande fritidsbustadar med lite potensial for brannspreiing.	Utgreie behov for branntiltak i neste planfase. Legge til rette for god tilgang for utrykkingskøyretøy.
Skogbrann				Grensar til samanhengande skogområde med varierande skogbrannpotensial (NIBIO).	Legge til rette for oppstilling av sløkkjemateriell i neste planfase.
Dambrot				Ikkje aktuelt.	
Svikt i tekniske anlegg (drikkevatn, avløp, kraftforsyning, EKOM)				Delar av området ligg innanfor utvida distrikt for Russmarken VA og kan delvis knytast til offentleg VA.	
ROS, samla vurdering: Delar av området ligg innanfor aktsemdssone for flaum, snøskred, steinsprang og jord- og flaumskred. Andre risikopunkt er dreneringslinjer, vind og branntiltak.					

3.3.2. Nr 15

Forslag	Gnr./bnr.	97/126
	Arealstørrelse	369
	Føremål i gjeldande plan	LNFR
	Foreslått føremål	Fritidsbusetnad
	Kort omtale av forslaget	Ønsker å utvide eksisterande reguleringsplan.
	Forslagsstillar	Sameigarane for gnr 97 bnr 126
Kart	*Avgrensing av innspel over flyfoto + avgrensing av innspel over gjeldande KPA* 	
